

Protokoll frå landsmøte i Noregs Ungdomslag

23.-24. april 2016, Royal Christiania Hotel, Oslo



Det vart påmeldt 75 utsendingar med fulle rettar, og 1 utsending (nr 20) med berre tale- og forslagsrett.

Ein av dei 75 påmeldte utsendingane med fulle rettar hadde fråfall.

I tillegg møtte 7 personar frå styret med fulle rettar samt generalsekretær med talerett.

Totalt 81 med røysterett.

Det var registrert 74 utsendingar i salen då landsmøtet opna. fråfall.

På møtet var det i tillegg 3 frå administrasjonen og 5 gjestar.

Helsingar til landsmøtet:

Senter for folkemusikk og folkedans v/Marit Stranden

Rådet for folkemusikk og folkedans v/Ida Habbestad

Studieforbundet kultur og tradisjon v/Kjærsti Gangsø

Norges Bygdeungdomslag v/Lars Amund Skari

Landsrådet for Noregs Barne- og Ungdomsorganisasjonar v/Rode Margrete Hegstad

Opning

Styreleiar Endre Kleiveland opna landsmøtet.

Sak 1 **Konstituering**

Sak 1.1 **Godkjenning av innkalling**

Leiar Endre Kleiveland presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Innkallinga blir godkjent.

Sak 1.2 **Godkjenning av sakliste**

Leiar Endre Kleiveland presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Styret sitt forslag til sakliste blir godkjent.

Sak 1.3 **Godkjenning av fullmakter**

Organisasjonskonsulent Alf Steinar Nekstad la fram saka.

Desse tok ordet i saka:

67 Sissel Utne, BUL Sarpsborg

15 Trine Skjærvik, Naumdøla Ungdomslag

Vedtak: Alle fullmakter for utsendingar blir godkjende.
Utsending nr 20 får tale- og røysterett.

Sak 1.4 Godkjenning av tidsplan og forretningsorden

Ordstyrar presenterte saka. (Etter sak 1.5)

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Styret sitt forslag til tidsplan og forretningsorden for møtet blir vedteke, med små justeringar for å gje rom til debatt i samband med fråsegner.

Sak 1.5. Val av ordstyrar

Leiar Endre Kleiveland presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Mette Vårdal og Endre S. Myhre vart vald som ordstyrarar.

Sak 1.6 Val av redaksjonsnemnd

Ordstyrarane presenterte styret si innstilling.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: *Følgjande personar blir valt til redaksjonsnemnd for fråsegnene:*
Borghild Marie Opdahl, Hordaland Ungdomslag
Evelyn Laupstad, BUL Harstad
Kevin André Theigmann, Nordland Ungdomsfylking

Følgjande personar blir valt til redaksjonsnemnd for arbeidsprogrammet:
Solgunn Liestøl, Rogaland Ungdomslag
Terje Svindseth, BUL Oslo
Gunn Inger Sture, Bergen ul Ervingen

Sak 1.7 Val av teljekorps

Ordstyrarane presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Administrasjonen i Noregs Ungdomslag blei valde til teljekorps

Sak 1.8. Val av protokollunderskrivarar

Ordstyrarane presenterte saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: *Følgjande personar blir valt til protokollunderskrivarar:*
Tone Ingvaldsen, BUL Oslo
Erik Skogen, Leikarringen Symra

Sak 2 Årsmelding 2015

Leiar Endre Kleiveland innleidde om året som har gått.

Desse tok ordet i saka:

39 Kari Mysen, Vest-Agder Ungdomslag
69 Anne-Mari S. Meier, BUL Sarpsborg
84 Eli Ulvestad, Noregs Ungdomslag
79 Håvard Ims, Noregs Ungdomslag
58 Terje Michelsen, Norskdomslaget i Porsgrunn
73 Lisa Grav Henriksen, BUL Oslo
66 Hilde Løvlien, Eidsiva Fylkeslag
77 Endre Kleiveland, Noregs Ungdomslag

Kommentarar til årsmeldinga:

- S. 20: Det står to ulike tal på utsendingar til landsmøtet.
- S. 22: Arbeidsgruppa for sentrale tilskipingar manglar i oversynet.
- S. 31: Ole Vig fondet: Korrekt namn på prisvinnar er Helene Storstrøm Auset

Vedtak: Årsmeldinga for 2015 vert godkjent.

Sak 3 Rekneskap 2015

Generalsekretær Eli Ulvestad la fram rekneskapen.

Desse tok ordet i saka:

67 Sissel Utne, BUL Sarpsborg
34 Solgunn Liestøl, Rogaland Ungdomslag
72 Terje Svindseth, BUL Oslo
84 Eli Ulvestad, Noregs Ungdomslag
77 Endre Kleiveland, Noregs Ungdomslag

Vedtak: Rekneskapen for 2015 vert godkjent.
Overskotet på kr 463.568 vert lagt til eigenkapitalen.

Sak 4 Arbeidsplan 2017-2018

Styremedlem Håvard Ims la fram saka.

Desse tok ordet under den innleiande handsaminga av saka laurdag:

8 Jo Idar Dahlgren, Gisund leikarring
34 Solgunn Liestøl, Rogaland Ungdomslag
64 Oddmund Hollås, Sannidal Ungdomslag
73 Lisa Grav Henriksen, BUL Oslo

Skriftlege endringsforslag, med redaksjonsnemnda si innstilling

- Forslag 1 Tilleggsforslag frå utsending 34: Solgunn Liestøl, under " Styrke den lokale aktiviteten," kulepunkt 5
- *NU-kulturformidling* og Huset i Bygda skal vere etablert som ressursar for lokallaga med eigne hus.

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Tilrådd vedteke

- Forslag 2 Tilleggsforslag frå utsending 8: Jo Idar Dahlgren, under " Styrke nettverket mellom..." nytt kulepunkt:
- Stimulere til godt og auka samarbeid mellom lokallag(a)

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Tilrådd avvist

- Forslag 3. Tilleggsforslag frå utsending 8: Jo Idar Dahlgren, under " Styrke nettverket mellom..." nytt kulepunkt
- NU må utarbeide incentiv (pengar, aktivitetar, instruktørstøtte) for auka/ betre samarbeid mellom lokallag og fylkeslag

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Tilrådd avvist

- Forslag 4 Tilleggsforslag frå utsending 73: Lisa Grav Henriksen, under " Styrke nettverket mellom..." kulepunkt 4
- *Sommarleiren skal vere den viktigaste sentrale tilskipinga og skal prioriterast høgt i arbeidsperioden.* Sommarleiren skal vere ein attraktiv møtestad for ungdomsmedlemmene, og nærme seg ein langsiktig målsetjing om 220 deltakarar i 2020.

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Tilrådd vedteke

- Forslag 5 Tilleggsforslag frå utsending 8 Jo Idar Dahlgren, under "Auke opplæringsaktiviteten" nytt kulepunkt
- (Auka) samarbeid med andre organisasjonar og miljø innan NU sine aktivitetar.

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Tilrådd avvist

- Forslag 6 Tilleggsforslag frå utsending 8 Jo Idar Dahlgren, under "styrke demokratiarenaene", under kulepunkt 5
- Alle fylkeslag skal gjennomføre årsmøte kvart år, med auka oppslutnad frå lokallaga og *sentrale representantar.*

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Tilrådd avvist

- Forslag 7 Tilleggsforslag frå utsending 64: Oddmunn Hollås, under "styrke demokratiarenaene", nytt kulepunkt
- Sakene til landsmøtet blir sendt ut tidlegare, slik at dei kan behandlast på dei lokale årsmøta.

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Tilrådd avvist

Forslag 8. Tilleggsforslag frå utsending 64: Oddmunn Hollås, under ”sikre ungdomslaga som formidlarar....”

nytt kulepunkt

- Presentere kulturarven for innvandrarak gjennom framsyningar, kurs og be inn til aktiv deltaking i laga sine aktivitetar.

Innstilling frå redaksjonsnemnda: Tilrådd avvist

Handsaming

Gunn Inger Sture la fram redaksjonsnemndas innstilling på søndag.

Desse tok ordet under handsaminga søndag:

37 Anne Marie Nerby, BUL Stavanger

30 Gunn Inger Sture, Bergen Ungdomslag Ervingen.

Avrøysting

Endringsframlegg 1: Samrøystes vedteke

Endringsframlegg 2: Samrøystes avvist

Endringsframlegg 3: Avvist mot 1 røyst

Endringsframlegg 4: Samrøystes vedteke

Endringsframlegg 5: Samrøystes avvist

Endringsframlegg 6: Samrøystes avvist

Endringsframlegg 7: Avvist mot 1 røyst

Endringsframlegg 8: Samrøystes avvist

Vedtak: Framlegget til arbeidsplan med endringar vert samrøystes vedteke.
Dei avviste punkta vert oversendt styret.

Sak 5 Rammebudsjett 2017-2018

Generalsekretær Eli Ulvestad la fram budsjettet.

Desse tok ordet i saka (laurdag):

73 Lisa Grav Henriksen, BUL Oslo

7 Evelyn Laupstad, BUL Harstad

77 Endre Kleiveland, Noregs Ungdomslag

Vedtak: Landsmøtet vedtek forslaget til budsjett for 2017-2018.

Sak 6 Nytt prinsippprogram i 2017?

Innleiing ved organisatorisk nestleiar Marit Nerås Krogsæter og Mette Vårdal. Gruppearbeid og plenumsdrøfting.

Desse tok ordet i saka:

38 Jacqueline Spinnangr, Vest-Agder Ungdomslag

59 Eirik Michelsen, Norskdmslaget i Porsgrunn

74 Tone Ingvaldsen, BUL Oslo

60 Geir Såtvedt, Gjerpen frilynde Ungdomslag
15 Trine Skjærvik, Naumdøla Ungdomslag
13 Tanja Isaksen, BUL Bodø
7 Evelyn Laupstad, BUL Harstad
24 Olav Luggenes, Kyrkjebø Ungdomslag
70 Ida Malene Chrstensen, Bygdelagssamskipnaden
72 Terje Svindseth, BUL Oslo
5 Sidsel Viola Lilleng, BUL Tromsø
65 Øystein Sirirud Gjefle, Nordsinni Ungdomslag
17 Sigve Bremer Medal, Inntrøndelag Ungdomssamlag
15 Trine Skjærvik, Naumdøla Ungdomslag
7 Evelyn Laupstad, BUL Harstad
77 Endre Kleiveland, Noregs Ungdomslag
78 Marit Nerås Krogsæter, Noregs Ungdomslag

Vedtak: Ingen. Styret tok med innspela til det vidare arbeidet med prinsippprogrammet.

Sak 7 Endringer i lova

Sak 7.1 Endring av §5 Styret

Øystein Sirirud Gjefle (65) la fram forslaget frå Nordsinni Ungdomslag, Ungdomsringen Austlandet, Bergen Ungdomslag Ervingen og Aust-Agder Ungdomslag, om å endre §5, slik at minst ein av dei faste medlemmene i styret må vere 26 år eller yngre.

Desse tok ordet i saka:

67 Sissel Utne, BUL Sarpsborg
77 Endre Kleiveland, Noregs Ungdomslag
38 Jacqueline Spinnangr, Vest-Agder Ungdomslag
6 Kjetil Helstad, BUL Tromsø
60 Geir Såtvedt, Gjerpen frilynde Ungdomslag

Vedtak: 51 røysta for framlegget om endring av §5, og 29 røysta mot. Framlegget fekk ikkje 2/3 fleirtal, og fall.

Sak 7.2 Endring av §12 Trygging av eiga

Styremedlem Håvard Ims la fram saka.

Desse tok ordet i saka:

22 Inge Masdal, Sogn og Fjordane Ungdomslag
84 Eli Ulvestad, Noregs Ungdomslag
72 Terje Svindseth, BUL Oslo
13 Tanja Isaksen, BUL Bodø

Vedtak: § 12.2 blir endra til:
Blir eit lokallag lagt ned, skal styret i Noregs Ungdomslag sørgje for at eventuell formue blir nytta til å slette gjeld. Evt. restformue etter dette skal blir nytta til beste for ungdoms- og kulturarbeid på staden. Om laget ikkje gjennomfører oppløysing av laget innan 6 månader etter nedlegging, skal Noregs Ungdomslag gjennomføre oppløysinga. Medlemmer i lokallag har ikkje krav på medelen eller delar av desse."

§12.3.6 blir strøken.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 7.3 Endring av §13 Lagsbruksavgifta

Styremedlem Håvard Ims la fram saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: § 13 i lova blir strøken.
Noverande § 14-16 får endra nummerering til § 13-15.

Vedtaket var samrøystes.

Sak 8 Endringar i mønsterlovene for lokallag og fylkeslag

Sak 8.1 Endring av mønsterlovene for lokallag

Styremedlem Morten Nilsen la fram saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: §7 i mønsterlovene for lokallag blir endra til:

1. Avhending av ungdomshuset, anna fast lagseige og luter i fast eigedom skal ha samtykke frå styret i Noregs Ungdomslag.

2. Blir laget lagt ned, skal styret i Noregs Ungdomslag sørge for at eventuell formue blir nytta til å slette gjeld. Eventuell restformue etter dette skal bli nytta til beste for ungdoms- og kulturarbeid på staden. Om styret ikkje gjennomfører oppløysing av laget innan 6 månader etter nedlegging, skal Noregs Ungdomslag gjennomføre oppløysinga. Medlemmene i laget har ikkje krav på medel eller delar av desse.

§8 i mønsterlovene for lokallag blir fjerna.

Dagens §§9-10 i mønsterlovene for lokallag blir endra til ny §§8-9

Samrøystes vedteke.

Sak 8.2 Endring av mønsterlovene for fylkeslag

Styremedlem Morten Nilsen la fram saka.

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: §7 i mønsterlovene for fylkeslag blir endra til:

1. Avhending av ungdomshus, anna fast lagseige og luter i fast eigedom skal ha samtykke

frå styret i Noregs Ungdomslag.

2. Blir fylkeslaget lagt ned, skal styret i Noregs Ungdomslag sørge for at eventuell formue blir nytta til å slette gjeld. Eventuell restformue etter dette skal blir nytta til beste for lokallaga som er tilknytt fylkeslaget. Om styret ikkje gjennomfører oppløysing av laget innan 6 månader etter nedlegging, skal Noregs Ungdomslag gjennomføre oppløysinga. Enkeltmedlemmer i fylkeslaget eller lokallaga har ikkje krav på medel eller delar av desse.

§8 i mønsterlovene for fylkeslag blir fjerna.

Dagens §§9-10 i mønsterlovene for fylkeslag blir endra til ny §§8-9

Samrøystes vedteke.

Sak 9 Innkomne saker frå laga

Styremedlem Rita S. Strandbakke la fram saka, som var eit forslag frå Vest-Agder Ungdomslag og Aust-Agder Ungdomslag om at det skal leggest teknisk ti rette for at personar som er medlemmer i fleire lokallag berre skal ligge inne i faktureringsgrunnlaget til eitt lag.

Desse tok ordet i saka:

72 Terje Svindseth, BUL Oslo

80 Rita Sirirud Strandbakke, Noregs Ungdomslag

55 Vidar Fanavoll, Telemark Ungdomslag

71 Erik Skogen, Leikarringen Symra

25 Borghild Marie Opdahl, Hordaland Ungdomslag

84 Eli Ulvestad, Noregs Ungdomslag

Vedtak: Styret i NU skal arbeide for å finne tekniske løysingar på at personar som er registrert som medlemmer i fleire lag, skal inngå i faktureringsgrunnlaget for kontingenten til NU sentralt i berre eitt av laga.

For at kontingentsystemet i organisasjonen skal bli så enkelt som mogleg, blir fylkeslaga oppmoda om å gjere vedtak på sine årsmøte i 2017, om at personar som er registrert som medlemmer i fleire av lokallaga i fylkeslaget, på same måten berre skal inngå i faktureringsgrunnlaget for fylkeslagskontingenten for det eine lokallaget.

Sak 10 Fråsegner

Landsmøtet tok stilling til tilsaman 5 fråsegner frå 3 ulike forslagsstillarar:

1. Støtt opp om nynorsk barnelitteratur.
Forlagsstillar styret i NU, presentert av Håvard Ims.
2. Vaksenopplæring på nynorsk.
Forlagsstillar styret i NU, Håvard Ims.
3. Vaksenopplæring på nynorsk.
Forlagsstillar styret i NU, Rita S. Strandbakke.
4. Ungdomars meining og kommunesamanslåing.
Forlagsstillar Tone Ingvaldsen, BUL Oslo
5. Bevaring av norsk folkekultur må inn i læreplanen.
Forlagsstillar: Jacqueline Spinnangr, Vest-Agder Ungdomslag

Desse tok ordet under den innleiande handsaminga laurdag:

38 Jacqueline Spinnangr, Vest-Agder Ungdomslag

74 Tone Ingvaldsen, BUL Oslo

30 Gunn Inger Sture, Bergen UL Ervingen

Handsaming

Borghild Marie Opdahl la fram redaksjonsnemndas innstilling på søndag.

Desse tok ordet under handsaminga søndag:

5 Sidsel Viola Lilleng, BUL Tromsø

38 Jacqueline Spinnangr, Vest-Agder Ungdomslag

41 Berber Korf, Lista Ungdomslag

Vedtak: Fråsegn 1: Landsmøtet stør intensjonen bak fråsegna, og oversender denne til styret. Samrøystes vedteke.

Fråsegn 2: Landsmøtet stør intensjonen bak fråsegna, og oversender denne til styret. Samrøystes vedteke.

Fråsegn 3: Fråsegna vart vedteke med endringar foreslått av redaksjonsnemnda la fram. Samrøystes vedteke.

Fråsegn 4: Fråsegna vart vedteke med dei endringar redaksjonsnemnda la fram og eit forslag om å stryke ordet "allereie" i andre setning."
Vedteke mot 3 røyster

Sak 11 Val

Leiar i valnemnda Evelyn Laupstad la fram saka.

Sak 11.1 Val av leiar

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Mette Vårdal (Oppdal Ungdomslag) vart valt til ny leiar ved akklamasjon.

Sak 11.2 Val av styre og arbeidsutval (AU)

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Politisk nestleiar: Marit Nerås Krogsæter (1992), Sunnmøre frill. Ungdomssamlag, ny 2 år
Organisatorisk nestleiar: Håvard Ims (1982), Rogaland Ungdomslag, ny 1 år (supplering)
Medlem: Tone Mjelde (1990), Hordaland Ungdomslag, ikkje på val
Medlem: Morten Nilsen (1961), Nordland Ungdomsfylking, ikkje på val
Medlem: Torbjørn B. Lauen (1990), Hordaland Ungdomslag, ny 2 år
Medlem: Kevin Theigmann (1994), Nordland Ungdomsfylking, ny 2 år
1. vara: Endre S. Myhre (1993), Oppland Ungdomslag, ny 1 år
2. vara: Kine Reiersen (1967), Oppland Ungdomslag, ny 1 år**
3. vara: Maria Nicolaisen (1985), Bygdelagssamskipnaden, ny 1 år

Sak 11.3 Val av revisor

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Revisorgruppen FMØ DA vert valt som revisor for Noregs Ungdomslag for rekneskapsåret 2016.

Sak 11.4 Val av valnemnd

Desse tok ordet i saka:

Ingen

Vedtak: Leiar: Endre Kleiveland (1980), Hordaland Ungdomslag, ny 1 år
Medlem: Cecilie Rørstad (1979), Sunnmøre Frilynde Ungdomssamlag, ikkje på val
Medlem: Tone Ingvaldsen (1994), Nordland Ungdomsfylking, ikkje på val
Medlem: Borghild Opdahl (1987), Hordaland Ungdomslag, ny 2 år
Medlem: Fredric Nygård (1988), Eidsiva fylkeslag, ny 2 år
1. vara: Oddgeir Løvold (1994), Nordmøre og Romsdal Ungdomslag, attval 1 år
2. vara: Rita S. Strandbakke (1983), Oppland Ungdomslag, ny 1 år
3. vara: Jostein Apeland (1958), Rogaland Ungdomslag, attval 1 år

Protokollunderskrivarar

Oslo, _____2016

Tone Ingvaldsen, BUL Oslo

Oslo, _____2016

Erik Skogen, Leikarringen Symra